Emne: Puntsnes Forretningsbygg - nabo
Kopi: Haldis Karine Nilsen <Haldis.Nilsen@hjelmeland.kommune.no>, Ingeborg Westersjø <Ingeborg.Westersjo@hjelmeland.kommune.no>
Til: Ingunn Varanes-Meland <ingunn.varanes-meland@hjelmeland.kommune.no>
Sendt: 20.05.2025 15.12.14
Fra: Svanhild Hjorteland Gbada <Svanhild.Hjorteland.Gbada@hjelmeland.kommune.no>
Har fått spørsmål frå Hilde Ludvigsen 63/9,10 , nabo til forretningsbygget 63/77 – Puntsnes (ho har snakka med både Ingeborg og meg)

Ho har spørsmål om skjerming mot deira eigedom ?

Eg sjekka reguleringsplan, og det er ikkje noko rekkefølgjekrav om det,
men så vidt eg kan sjå, så er planen heller ikkje noko til hinder for det……og til byggemelding set planen krav om situasjonsplan som m.a. skal vise murer, gjerder, terrengbehandling , beplantning…..

Når eg ser på byggesaken forretningsbygget 24/1468 så klarer eg ikkje finne at ho (63/9,10) er nabovarsla ------stemmer det ?? - -- og i såfall har ho ikkje hatt moglegheit til å respondere på at det ikkje er planlagd skjerm/gjerde/vegetasjon el a mot vest.
Ludvigsen sjølv seier at ho trur ikkje ho har fått nabovarsel med situasjonsplan
Det ser ut som byggesaken for er registrert på 63/18, (skulle jo vore 63/77) og viss nabolista er henta ut frå bnr 18, så er jo ikkje Ludvigsen nabo til den….

Ho hadde òg spørsmål om asfaltering av flater……det går fram av same situasjonsplan.

Ho seier òg at det har oppstått sunkehol inne på sin eigedom, og at det har rast ut noko på baksida av hennar uthus (som ligg heilt i nabogrensa)

Har òg sett litt på saken om vesentleg terrenginngrep 23/1990, som blei godkjent mars 2024 i tråd med gjeldande plan.
Planendringa blei vedtatt juni 2024, men eg finn ikkje endringsmelding/ny byggemelding på det utvida sprengingsarbeidet mot nabogrensa som den ga opning for…..

Godt mulig at det er noko eg har misforstått – eller oversett - her – Men fint viss me kan snakkast - og at Ludvigsen får eit svar.

Med venleg helsing

Svanhild Hjorteland Gbada
Rådgjevar Arealplan

Hjelmeland kommune
Adresse: Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland
Tlf: 404 39 127
E-post: postmottak@hjelmeland.kommune.no
Internett: www.hjelmeland.kommune.no


Ryfyllae